

03.11.2010

## Trekkspeleklubben rundar 30



**Kvinnherad Trekkspeleklubb rundar i helga 30 år med to uskedelingar på laget:**

**Nils Naasen og Haldor Tveit.**

**Dei andre aktive no er Torolv Malmanger, Olav Johan Bjelland, Ole Nordtveit, John Ove Jonassen og Audi Digranes.**

Jubileet finn stad sundag i Kulturhuset på Husnes, der klubben øvar kvar tysdag.  
Foruten sine eigne musikalske bidrag deltar Irish Stew, Husnes Musikklag og Røysterett for alle under markeringa.

Klubben vart skipa i 1980 og har vore oppe i meir enn 20 medlemmer på det meste.

Under distriktsmeisterskapet i Sandnes fekk dei ein fin andre plass i dei to kategoriane dei deltok i: Gammaldans og underhaldning. Dei har gjennom åra vore med i diverse tevlingar med varierande resultat.

Men det er først og fremst spelegleda som gjer at medlemmene likar seg så godt.

Når det gjeld dei 2 uskedelingane som er med no er Naasen musikalsk leiar og bur øvst i dalen. Han er utdanna på accordion i Danmark og arrangerer det meste klubben spelar. Haldor Tveit er advokat til dagleg, men øvar på trekkspelet fleire timer om dagen.

Det var elles ein uskedeling, Bård Ljosnes, som var initiativtakar og musikalsk leiar dei første åra då klubben var verkeleg stor. Han hadde styreverv og la ned eit stort arbeid i den daglege drifta og var aktiv på fylkesplanet i tillegg til at han var dirigent.

Han var og mykje brukt som spelemann både på gammaldans i ungdomslaget og i mange andre samanhengar. Til dømes akkompagnerte han mange kvinnherskor. Han hadde også fleire betydelege periodar som dirigent både for skulemusikken og musikklaget her i Uskedalen.

Ljosnes var ein markant ressurs i musikklivet i Kvinnherad i meir enn 40 år.

Av Ola Matti Mathisen

(Foto: Geir Remme)